

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 29. januar 2025

Stad: Kommunestyresalen Hemsedal

Desse møtte frå Regionrådet:

Dagfinn Bøygard	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Sigrid S. Ilsøy	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune
Merete Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå KRU:

Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Karsten Dideriksen	Ål kommune
Bjarte Reve	Hemsedal kommune
Bente R Herdlevær	Nesbyen kommune

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune.

Anders Wengen (V)
Hilde Aarø (adm)

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Guro Flatland Veslehaug, Klimakoordinator

Møtte ikkje:

Iselin Haugo Stavn Buskerud fylkeskommune (H)

SAK 01/25 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 29. NOV 20245**Vedtak:**

Protokollen frå møte 29. nov. 2024 er godkjent.

SAK 02/24 ORIENTERING OM NYE PLANAR FOR FOTBALLHALL PÅ GOL.

Endre Storhaug og Leif Norhaug orienterte om planane for ein ny innandørs fotballhall på Gol. Sjå presentasjon.

SAK 03/24 MANDAT FOR UTGREIING AV FELLES LEGEVAKT I HALLINGDAL**Vedtak:**

Regionrådet vedtek «Mandat for utgreiing av felles legevakt i Hallingdal» med dei justeringane som kom fram i møte. Sjå vedlegg

SAK 04/24 GJENNOMGANG AV SAMARBEID MED NAV HALLINGDAL

Bjørn Skjelseth og Janne Brøndbo orienterte om samarbeidet mellom NAV og Hallingdal. Sjå presentasjon. Dei spurde og om kva Regionrådet ønskjer at skal evaluerast i samarbeidet. Regionrådet ynskjer svar på desse spørsmåla:

- Får dei svakaste i samfunnet dei tenestene dei har krav på når droppintilbodet er borte?
- korleis er opplevinga til brukarane som ikkje er så gode på digitale verktøy?
- Blir det fleire oppgåver på kommunane når NAV ikkje lenger er fast til stades i kommunane?

SAK 05/24 BESØK PÅ KI LABBEN I HEMSEDAL

Regionrådet fekk koma på besøk på KI labben og fekk fine orienteringar frå kommune, initiativtakarar og unge tilsette.

SAK 06/24 DELTAKING I KOMMUNENETTVERKET FOR KLIMAOMSTILLING**Vedtak:**

1. Regionrådet vedtek at Hallingdal blir med i «Kommunenettverket for klimaomstilling» i eit år og skal evaluerast då.
2. Kontingenten skal dekkast frå klima og energifondet.

Anne Kari Eriksen foreslo å ta med eit tillegg til protokollen:

«Arbeidet i berekraft Hallingdal skal rette seg meir mot kommunar, innbyggjarar og næringsliv»

SAK 07/24 SAMFERDSEL - STATUS PÅ BOMPENGESAK OG NY KOLLEKTIVSATSING

Jan Olav orienterte om status i bompengesaka som var oppe i kommunane før jul. Mei info om dette kjem truleg i løpet av første veka i februar.

Guro orienterte om «Nabogo», ein app for samkøyring

<https://nabogo.com/no/>

SAK 08/24 ORIENTERING FRÅ BUSKERUD FYLKESKOMMUNE

Anders Wengen orienterte frå BFK

- Program for folkehelsearbeid i kommunane er på trappene. Kommunane kan søke pengar. Dette blir utlyst no i feb/mars, Det skal handle om m.a. helsefremmande oppvekst og utanforskap. Søkeseminar 5. mars
- Buskerudkonferansen med fokus på utanforskap
- Planprogram for Buskerudplanen har høyring i april

SAK 09/24 EVENTUELT

Orientering frå ulike styre og verv der ordførar er sendt frå Regionrådet

Merete ynskjer ei vurdering av om Regionrådet framleis skal ha ein plass i styret til Hallingdal folkehøgskule.

Kva vil me fokusere på i marsmøte?

- Jobbe vidare med samarbeidstesten som var oppe på Hallingtinget i okt. og vidare fokus på samarbeid
- KRU vurderer ein fasilitator utanfrå

Arendalsveka eller annan studietur?

- Me snakka om tur til Brussel, eller studietur til DK. Må koma attende til dette
- Det var delte meiningar om Arendalsveka, men administrasjonen sjekkar litt på moglegheiter

HUR

- HUR var fornøgd med ungdomens hallingting - Håpar alle ordførarar deltek neste gong
- Ønskjer ei satsing på kollektivtransport

VGS info frå Heidi

Ål og Gol VGS tilbod i Hallingdal – jobbar med eit halvdagsseminar med BFK

Heidi har tatt initiativ til eit møte med fylkesutvalet ved leiar Simen Murud for å sikre og oppretthalde eit breitt tilbod, samt eit møte med kvadraturen VGS som me kan lære av

Hallingdal 6. feb. 2025

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg: Mandat for utgreiing av felles legevakt i Hallingdal

Vedlegg 1

Mandat for utgreiing av felles legevakt i Hallingdal

Kommunane i Hallingdal har i fleire år hatt ulike variantar av samarbeid omkring legevakt. Det har også vore drøfta endringar når det gjeld samarbeidspartar, lokalisering, organisering og økonomi. No er det teke politisk initiativ til eit samarbeid om ei langsiktig og framtidsretta legevaktsordning knytt til Sjukestugu på Ål. Hallingdal har behov for ei effektiv og samordna legevaktteneste for å sikre innbyggjarane rask og kompetent helsehjelp. Dette mandatet gir rammene for ei utgreiing av ei felles legevakt.

1. Mål

Formålet med utgreiinga er å finne ut korleis kommunane i Hallingdal kan samarbeide for å utvikle ein betre, meir effektiv og framtidsretta legevaktsordning knytt til Sjukestugu på Ål, til beste for innbyggjarane og tilreisande. Ved å ta utgangspunkt i ei samlokalisering skal sambruk, synergjar og potensiale for meireffektar vera ein del av vurderingane.

2. Deltakarar

Kommunane Nesbyen, Gol, Hemsedal, Ål og Hol deltek i utgreiinga.

Kommunane som deltek er einige om å utgreie ulike modellar for interkommunal legevakt.

3. Roller og ansvar

Prosjekteigar PE:	Regionrådet for Hallingdal
Styringsgruppe SG:	Kommunedirektørutvalet i Hallingdal
Prosjektansvarleg PA:	Leiar av KRU
Prosjektleiar PL:	Blir utpeikt av SG
Prosjektgruppe PG:	PL, 2 kommunalsjefar, 1 kommuneoverlege, 1 representant frå legetenesta, 1 tillitsvalt og 1 representant frå vestre Viken HF.
Arbeidsgrupper:	Blir oppretta ved behov for å utgreie spesifikke områder som økonomi, logistikk, bemanning og teknologi.
Referansegruppe:	PL kallar inn ved behov. KOLF, HOF og brukarorganisasjonar kan vera aktuelle

4. Tidslinje

Oppstart:	Sept 2025
Kartlegging og analyse:	Sept - okt 2025
Utvikling av forslag:	Nov - jan 2026
Høyring og justering:	Feb - mars 2026
Endeleg rapport:	April 2026

Milepelar:

Oktober 2025:	Fullført kartlegging av dagens situasjon.
Januar 2026:	Ferdige forslag til modellar for felles legevakt.
Mars 2026:	Gjennomført høyring med relevante interessentar.
April 2026:	Levert endeleg rapport til styringsgruppa.

5. Mandat

- Kartlegge dagens legevakttenester og ta omsyn til evalueringa av dette samarbeidet
- Identifisere forbetningsområder
- Utarbeide ulike modellar for ei felles legevakt og tilrå løysning.
- Utarbeide ein oversikt over konsekvensar ved implementering av den tilrådde løysninga, inkludert økonomi og organisering.

Prosjektgruppa skal:

1. Utarbeide forslag til ulike modellar for ei interkommunal legevaktsordning lokalisert ved sjukestugu, herunder:
 - Utgreie moglegheiter og avgrensingar knytt til ei interkommunal kveld/helg/natt legevakt.
 - Utgreie moglegheiter og avgrensingar knytt til ei interkommunal døgnlegevakt

Modellane skal vurderast ut frå kost/nytte, økonomi, rekruttering, tilgang på kompetanse, vaktbelastning, kvalitet, avstand og ev andre kriterier - sett opp mot dagens organisering.

2. Skissere gevinstar- og konsekvensar av sambruk med Hallingdal Sjukestugu, inkludert røntgen/CT, laboratorium, telemedisin, ambulansetenesta og anna
3. Gjera seg kjent med og ta i bruk dei siste nasjonale føringane.
4. Vurdere korleis videokonsultasjon kan vera eit hjelpemiddel for å redusere reisetid, få ned tidsbruk og mogleggjera akutt dagtilbod i alle kommunane.
5. Avdekke kva tilpassing som må gjerast der kommunane har ulike behov.
6. Koma med ei tilråding til organisering av ei interkommunal legevaktsordning innan 30. april 2026